




**BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s.**

PROSJEKTADMINISTRASJON – REGULERING - KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING
Pb. 103 - 5649 EIKELANDSOSEN - Tlf.: 56 58 11 30. E-post: post@byggadmin.no

**FORSLAGSSTILLAR SIN
PLANOMTALE
Datert: 30.08.19**

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR 80/1 MFL.
SKÅR KAI
TYSNES KOMMUNE**



TYSNES KOMMUNE
Landbruk og teknisk

Gnr./bnr: 80/1 mfl.

Plannamn: Detaljreguleringsplan
for 80/1 mfl.-Skår kai

ArealplanID: 2018-01

Innheld

1	SAMANDRAG. PLANID.: 2018-01	4
2	NØKKELOPPLYSNINGAR	7
3	BAKGRUNN FOR PLANARBEID	8
	3.1 BAKGRUNN FOR PLANARBEID	8
	3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET.....	8
	3.3 PLANPROSESSEN	8
4	PLANSTATUS OG OVERORDNA FØRINGAR	8
	4.1 NASJONALE FORVENTNINGAR.....	8
	4.2 RIKSPOLITISKE RETNINGSLINJER FOR SAMORDNA AREAL- OG TRANSPORTPLANLEGGING	8
	4.3 FYLKESPLAN.....	8
5	PLASSERING	10
	5.1 LOKALISERING	10
	5.2 AVGRENSEND.....	11
	5.3 TILGRENSANDE AREALBRUK.....	13
	5.4 EKSISTERANDE BYGG	13
	5.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK	13
	5.6 SOLTILHØVE	13
	5.7 VEGETASJON OG DYRELIV	13
	5.8 NATURMANGFALD. GRØNE INTERESSER.	14
	5.9 KULTURMINNEVERDIAR.....	14
	5.10 VEG- OG TRAFIKKTELHØVE.....	15
	5.11 STØY.....	15
	5.12 OFFENTLEG OG PRIVAT TENESTEYTING	15
	5.13 VATN OG AVLAUP.....	15
	5.14 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD.....	15
	5.15 RISIKO OG SÅRBARHEIT	16
	5.16 PRIVATSRETTSLEGE BINDINGAR.....	21
6	UTGREIINGAR IHHT. FORSKRIFT OM KONSEKVENSUTGREIINGAR	21
7	OMTALE AV PLANFORSLAGET	22
	7.1 INNLÆRING	22
	7.2 REGULERINGSFØREMÅL	24
	7.3 BYGGEFORMÅL	25
	7.4 LEIK/ UTEOPPHALDSAREAL	25
	7.5 PARKERING.....	25
	7.6 TRAFIKKAREAL	25
	7.7 STØYTILTAK	25
	7.8 AVFALLSHANDTERING	25
	7.9 RISIKO OG SÅRBARHEIT.....	25
	7.10 KAIAR OG SMÅBÅTANLEGG.....	26
8	KONSEKVENSAR AV PLANFORSLAGET	28
	8.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK	28
	8.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR	28
	8.3 ESTETIKK.....	28
	8.4 KONSEKVENSAR FOR NABOAR	29
	8.5 TRAFIKK- OG PARKERINGSFORHOLD	29
	8.6 KULTURMINNE.....	30
	8.7 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGES INTERESSER... 30	30
	8.8 RISIKO OG SÅRBARHEIT	30
	8.9 INFRASTRUKTUR.....	30
	8.10 KONSEKVENSAR FOR NÆRINGSINTERESSER.....	30
	8.11 JURIDISKE/ ØKONOMISKE KONSEKVENSAR FOR KOMMUNEN..... 30	30
9	MERKNADAR	30

9.1 MERKNADAR ETTER OPPSTART	30
9.1.1 Fylkesmannen	30
9.1.2 Fylkeskommunen.....	31
9.1.3 Statens vegvesen.....	31
9.1.4 NVE	31
9.1.5 Fiskeridirektoratet.....	31
9.1.6 Fiskarlaget Vest	32
9.1.7 Telefonkontakt med Sjøtroll Bekkjarvik, Nils Arve Eidsheim	33
9.1.8 Toralf Enes.....	34
9.2 MERKNADAR ETTER UTLEGGING.....	34
9.2.1 Fylkesmannen	34
9.2.2 Fylkeskommunen.....	34
9.2.3 NVE motsegn.....	35
9.2.4 Fiskarlaget Vest	35
9.2.5 Statens Vegvesen	35
9.2.6 Kystverket.....	36
9.2.7 Fylkeskommunen – arkeologisk registrering.....	36
10 FORSLAGSSTILLARS AVSLUTTANDE KOMMENTAR.....	36

1 Samandrag. Planid.: 2018-01

Reguleringsområde SKÅR KAI har eit etablert næringsområde i nord med oppdrettsrelatert verksemd (1). Eit etablert næringsområde i sør med oppdrettskar på land (5). Eit urørd område (2) som i kommuneplanen er lagt ut til næring, Eit blanda område (3) med eksisterande SKÅR KAI, naust og gammalt sagbruk. Og til sist eit urørd område (4) som ligg i kommuneplanen som LNF-område.

Sjå figur 1.

Det umiddelbare initiativet til planen er:

Forslagstillar eig og driv ein havfiskebåt med lengde 77 m. Det er svært ynskjeleg å kunna ha base for denne båten i Tysnes kommune ved eigen eideom på Reksteren. Det er vurdert 3 forskjellige plasseringar for base kai.

Sjå figur 2 - kart.

Plassering 1 lengst nord, ligg til ope havstykke, og kan ikkje brukast.

Plassering 2. Dette naustområde er eit unikt område for utvikling av ein sosial arena med naust, båtplassar, servicebygg og småskala næring, stort kaianlegg for eigarar og andre brukarar av området.

Plassering 3 ligg med god hamn og er klart mest egneleg.


I planarbeidet er det teke omsyn til at mest mulig av «ikkje rørd strandlinje» skal forblif urørd, og behalda naturinntrykket.

Småbåtanlegg:


I Område 3 er det i kommuneplanen gitt plass til eit småbåtanlegg. Dette er av forslagstillar vurdert som for djupt og verhardt og er ynskje plassert lengre sør frå fylling og sjø ut til ein liten holme i grensa mellom området 4 og 5.

Fiske og låssetjing:

Sjøområdet utførbi område 4 og 5 er i kommuneplanen avsett til fiske- og låssetjing. Me er einige med Fiskarlaget i at me i minst grad må skada mulighetene for framtidig fiske og låssetjing. Ut frå plankartet i oppstartmeldinga har me minka inn planområdet i sjø så mykje som me ser er mulig.



Figur 1 Kommuneplan vist med inndeling Område 1 - 5



Figur 2 kart over planområdet.

2 Nøkkellopplysningar

Kommune	Tysnes
Gardsnr./bruksnr.	80/1 m.fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	Detaljreguleringsplan
Forslagsstillar	Lars Einar Sandtorv
Grunneigar	Lars Einar Sandtorv
Plankonsulent	Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Ny plan sitt hovudformål	Næringsutvikling
Planområdets areal i daa	
Grad av utnytting	
Ant. nye bueiningar	Ingen
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgder, o. l.)	
Ligg det føre varsel om motsegn (j/n)	Nei.
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	Ja, må vurderast for Område 4.
Kunngjering oppstart, dato	23.10.2018
Fullstendig planforslag motteke, dato	
Informasjonsmøte halden.(j/n)	Nei

3 Bakgrunn for planarbeid

3.1 Bakgrunn for planarbeid

Bakgrunnen for detaljreguleringa er tiltakshavar sitt ynskje og behov for kaiplass heimehamn for havfiskebåt, og næringsområde kommunikasjonsveg samla.

3.2 Intensjonen med planforslaget

Intensjonen med planforslaget er å få ein heilheitleg plan over området, med plass til heimehamn for havfiskebåt.

3.3 Planprosessen

1. Etter avslutta forsøk på dispensasjon vart det 02.10.18 sendt inn søknad om oppstart detaljregulering Skår kai. Søknaden fylgte oppsettet § 1. *Krav til planinitiativ* etter forskrift om behandling av private planer.
2. Oppstartløyve vart gitt i brev av 19.10.18.
3. Oppstart vart annonser i sak frå oss av 23.10.18.

4 Planstatus og overordna føringer

4.1 Nasjonale forventningar

Forventningane tek for seg utvalde tema som er avgrensa til planlegging etter plan- og bygningslova. Det er forventningar om at det i planlegging vert lagt vekt på prioriterte tema som klima og energi, by- og tettstadutvikling, samferdsel og infrastruktur, verdiskapning og næringsutvikling, natur-kulturmiljø og landskap, helse-livskvalitet og oppvekstmiljø.

4.2 Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging

Målsetjing med retningslinja er at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bumiljø, god trafikksikkerheit og effektiv trafikkavvikling.

4.3 Fylkesplan

I fylkesplan for Hordaland i perioden 2005-2008 er følgjande målsetjingar under punkt 8.2. areal og miljø aktuelle:

- «Lokalisering av bustader, næringsverksemder og tenesteyting skal skje med omsyn til effektiv arealutnytting og energibruk og lågast mogleg transportbehov, særleg i Bergensregionen.
- Lokalsamfunn skal ha gode miljøkvalitetar, universell utforming, samanhengande grønstruktur og tilgang til friluftsareal og møteplassar for fysisk aktivitet og sosialt fellesskap.
- Kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida. Nytteverdi/eigenverdi må dokumenterast før vern.
- Redusera årleg avgang av dyrka og dyrkbar mark.

- Auka bruk av fornybare energikjelder.»

- Strandsone

Strandsone er eit prioritert tema i plan- og bygningslova seier at det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbeltet langs sjøen.

Det er eit regionalt areal- og miljømål at Hordaland skal verna om biologisk mangfald og verdifulle areal- og naturressursar på land og i sjø, som strandsona, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Strandsone skal haldast open tilgjengeleg for ålmenta slik at ikkje verdifulle område vert nedbygde. Allmenne friluftsinteresser skal prioriterast før utviklinga av private fritidseigedomar i strandsona.

Dei statlege planretningslinjene for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen legg opp til geografisk differensiering der vernet vert gjort strengare i sentrale område med stort press på areal.

Framtidig arealbruk i strandsona skal avklarast heilskapleg og langsiktig i kommuneplanen. Her må ein vurdera behovet for utvikling av eksisterande arealbruk og behovet for tilpassing av eventuell ny utbygging. Kommunane må vurdera om tidlegare vedtekne, ikkje utbygde område for utbygging i strandsona skal oppretthaldast eller takast ut av planen.


Utbygging i strandsona bør skje i tilknyting til område som er utbygt frå før og mest mogleg konsentrert. Det må leggjast vekt på ferdsleomsyn og landskapstilpassing i planlegginga.

- Retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442) anbefalar støygrenser ved etablering av nye bustader og anna bustadform med støykjensleg bruk. Gul sone er vurderingssone der det kan etablerast nye bustader dersom det kan dokumenterast at avbøtande tiltak gjev tilfredstillande støytillhøve. I raud sone bør ein unngå bustader med støykjensleg bruksføremål.
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (Rundskriv T2/08) krev at det skal vere areal der barn kan utfalte seg og skape sitt eige leikemiljø. Areala må vere store nok og eigna for leik og opphold heile året og kunna nyttast av ulike aldersgrupper og sikre samhandling mellom barn, unge og vaksne, og vera sikra mot støy, forureining, trafikkfare og anna helsefare.
- Rundskriv T-5/99 B Tilgjenge for alle.
Prinsippet om universell utforming inneber at dei fysiske omgjevnadane, dvs. bygningar, uteområde og andre anlegg vert utforma slik at dei kan nyttast av alle menneske på ein likestilt måte. I så stor utstrekning som mogeleg bør ein søkje å oppnå tilgjenge gjennom hovudløysingar utan at ein treng tilpassing, særloysingar eller tilleggsløysingar.

5 Plassering

5.1 Lokalisering


Rekstravegen, Reksteren i Tysnes kommune.




Figur 3 Oversiktskart

5.2 Avgrensning

Avgrensning for planen er næringsområde i nord, næringsområde i sør og avkjøring fra Fv 83.



Figur 4 A Planavgrensing i oppstartsmelding



Figur 4 B Planavgrensning i fremja plan

5.3 Tilgrensande arealbruk

Tilgrensande arealbruk er stort sett LNF-område på land og sjøområde mot aust, med noko vist som fiskeområde.

5.4 Eksisterande bygg

- | | |
|--------------|--|
| På Område 1: | Produksjonsbygg med grunnflate ca 1 330 m ² |
| På Område 2: | Hytte med naust (eigd av tiltakshavar). |
| På Område 3: | 2 naust, eldre sagbruk og nyare, god næringskai. |
| På Område 5: | Næringsbygg/ servicebygg til oppdrettskummar på land. |

5.5 Topografi/landskapstrekk



Figur 5 Oversiktsfoto

- | | |
|-----------|---|
| Område 1: | Planert område med fylling i sjø. |
| Område 2: | Ei halvøy med svaberg til sjø og skogkledd område opp frå sjøen. Bakom er det grøn flate. |
| Område 3: | Naust- og kaiområde med skrånande flate opp mot kommunal veg. |
| Område 4: | Skogkledd nes med fjell mot sjøen. Bratt stigande opp til ca kote 35. |
| Område 5: | Planert næringsområde med fylling i sjø. Noko stigande, urørd areal i sørvest. |

5.6 Soltihøve

Heile området ligg ope til sjøen, austvendt med fjell og åsar mot vest.

5.7 Vegetasjon og dyreliv

Område 2 og 4 er mykje skogkledd med blandingsskog med mykje furu. Alminneleg vestlandske blanda dyreliv med mykje hjort. Me finn ingen registreringar av spesielle dyr eller fuglar som treng oppmerksamheit.

5.8 Naturmangfald. Grøne interesser.

Me finn ingen registreringar i Naturbase. I Artsdatabanken finn me i Område 3 registrert svarhvit fluesnapper. Me er ikkje kjent med andre spesielle registreringar. Strandlinje med skarv til sjø og skogbelte vil vera viktig å ta vare på.

Me meiner at kunnskapsgrunnlaget etter § 8 er tilstrekkeleg ivaretake.

Område 1 er utplanert/ utskote næringsområde med grov røysfylling til sjø. Her vil ein næringskai ikkje skada naturmangfaldet.

Område 2 er i Kommuneplanen næringsområde. Området består av eit skogkledd, lav ås som ei halvøy med nakne skarv mot sjøen, og lyng, mose og skogkledd område bakover til ei grøn flate mot kommunevegen. Det er viktig for forslagstilla å behalda så mykje som mulig av det grøne, urørde inntrykket langs strandlinja. Ca 15-20 m inn frå strandlinja vert sett av til urørd naturområde, ope for allmenta til m.a. fiske, bading og anna friluftsliv.

Område 3 med Skår kai har i dag ein unik småkala, sosial arena med naust, lite, gammalt sagbruk og rimeleg moderne kai. Området er i Kommuneplanen næring. Den grøne flata bak rekka med naust og sagbruk er tiltenkt småkala næring med lav utnytting.

Område 4 er ein skogkledd kolle, bratt opp frå sjøen til kote 35. Ein ca 50 m veg sprengt fram i terrenget utan at strandlinja vert berørt, ein 30 m kai og dykdalb bygd på terrenget utan synleg sprenging, ein 1,5 m gangveg lengde ca 70 m, hengt på loddrett fjellvegg utan sprenging sørover fram til eksisterande gangveg, vil i liten grad berøra fjernverknaden av området. Me ser føre oss at nærverknaden og inntrykk som funksjonell strandsone òg vert lite berørt.

Område 5 er planert næringsområde med grovrøys fylling mot sjøen. Området er ikkje tenkt å endra uttrykk.

5.9 Kulturminneverdiar

Me finn ingen registreringar i Askeladden.

I eit skriv av 10.12.2015 frå Fylkeskommunen, kultur- og idrettsavdelinga er det registrert: (Dette gjeld Område 4).

Uttale Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga har i skriv av 10.12.15 vurdert saka som regional sektormynde innan kulturminnevern.

Fylkeskommunen viser til at bygningsmassen ved SKÅR KAI ligg innafor omsynssone bevaring kulturmiljø, i denne samanheng «verneverdig sjøbruksmiljø».

Omsøkt tilkomstveg kan aksepterast dersom tiltaket ikkje fører til vidare tap av kulturminneverdi for kulturmiljøet på Skår. Landbrukskontoret sitt forslag til alternativ vegtrase kan òg aksepterast.

Fylkeskommunen rår imidlertid i frå alternativ tilkomst langs stranda då dette vil vera særleg skjemmande for kulturmiljøet på Skår.

For øvrig påpeiker fylkeskommunen at det må stillast høge krav til utforming, materialbruk og detaljering ved etablering av tilkomstvegen. Elles minner fylkeskommunen om den generelle meldeplikta etter kulturminnelova § 8 2.ledd dersom det ved gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar. Vidare at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/ skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Saka har også vore førelagt Bergen Sjøfartsmuseum for det som gjeld tiltak/ område i sjø. Museet kjenner ikkje til kulturminne i området og har ingen merknader til det planlagde arealinngrepet, men også her vert det minna om at tiltakshavar pliktar å gje melding dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Om sirkel for verneområde

I kommuneplanen er det lagt inn eit sirkel område med bevaring kulturmiljø i Område 3. Dette har me ikkje vidareført. Den gamle landhandelbygningen ved sida av kaien er reve. Kaien er endra og forsterka. Det som er igjen er den gamle saga som er tenkt brukta til lager for kai SK3.

5.10 Veg- og trafikktihøve

Området er tilknytt fylkesveg 83 med kommunal veg ned til SKÅR KAI og til næringsområde i nord (1). Næringsområde i sør (5) har eigen, enkel tilkomst frå fylkesvegen. Det er ynskjeleg at heile området har sams tilkomst. Dette kan ordnast med å regulera inn ny veg frå den kommunale vegen til Område 5. Dette har vore sett på. Forslagstillar finn at terrenginngrepa vert så store at forslaget er lagt bort.

5.11 Støy

Det er ingen faste støykjelder i dag, med unntak av lyden frå førerautomatar.

5.12 Offentleg og privat tenesteyting

Kommunal veg ned til området. Rutegåande kommunikasjon på fylkesvegen med liten frekvens.

5.13 Vatn og avlaup

Dagens bedrifter har vatn frå Skåratjødno, med avløp til slamavskiljar til sjø.

5.14 Privat og offentleg servicetilbod

Handelssenteret er Våge.

Administrasjonssenteret er Uggdal.

5.15 Risiko og sårbarheit

2.2 Metode for risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS)

I samband med rullering av kommuneplanar er det i plan- og bygningslova eit krav om å gjennomføre ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), for ny arealbruk. Det er ei kommunal oppgåve å syte for at risiko- og sårbarheitsanalysar vert gjennomført. Føremålet med ROS-analysen er å lage ei oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit som følger av planutkastet, dvs. ny arealbruk. Vidare skal ROS-analysen identifisere avbøtande tiltak som reduserer eller eliminerer uakseptabel risiko. ROS-analysen er utført i samsvar med "Veileder for kommunal risiko- og sårbarhetsanalyser" utgitt av Direktoratet for sivilt beredskap (2010).

Plan- og bygningslova § 3-1 syner til at planlegginga skal;

"Fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv."

ROS-analyse:	Ein systematisk framgangsmåte for å skildre og/eller kvantifisere uønska hendingar. ROS-analysen vert utført ved kartlegging av uønska hendingar og årsaker til desse hendingane. I analysen vert sårbarhet kopla mot risiko.
Risikovurdering:	Ei vurdering av sannsyn for og konsekvens av ei uønska hending. Risiko = Sannsyn + konsekvens
Sannsyn:	Vurdering av frekvens/sjansane for og kor ofte ei hending vil førekomma.
Konsekvens:	Mogleg verknad/resultat av ei hending.

Ut frå ei vurdering i høve til sannsyn og konsekvens vil analysen syne om det ligg føre akseptable eller uakseptable konsekvensar av det nye føremålet med omsyn til liv og helse, miljø og økonomiske tilhøve, samt samfunnsviktige funksjonar. Det vil vere viktig å finne moglege tiltak for å redusere risiko og sårbarhet for område med uakseptabel risiko. Slike tiltak kan vere både forebyggjande og skadereduserande. I plankartet vil område med potensiale for risiko synast med omsynssone.

Akseptkriterium for risiko gir uttrykk for det risikonivået (farenivået), som ein vedtek er akseptabelt i ein gitt periode. Akseptkriteria utgjer ein referanse ved vurdering av val av løysningar og trøng for risikoreduserande tiltak (jf. risikomatrise nedafor).

FMHO hadde motsegn til ROS-analysen ved 1. gongshøyring. Metode og oppsett er revidert i høve til lovverk (TEK10) og i dialog med beredskapseininga hos Fylkesmannen i Hordaland.

2.2.1 Metode oppsett

Ved tilrettelegging av nye arealføremål i kommuneplanen sin arealdel skal desse vurderast med omsyn til det konkrete tiltaket og tiltaket si lokalisering. Summen av nye tiltak kan til saman utgjere større risiko for kommunen sitt overordna risikobilete, slik at vurderingar også må gjerast for totalitetan av planframlegget. ROS-analysen er difor gjennomført på to ulike nivå. For begge nivåa er det nytta sjekklistar for å fange opp flest moglege hendingar og situasjonar.

- Alle moment er vurdert og kommentert i høve til totalitetan av planen. Som utgangspunkt og grunnlag for den generelle ROS-analysen er "Analyse av risiko- og sårbare tilhøve, Tysnes kommune" frå 2008 nytta.
- ROS-analysen for nye areal er inkludert i konsekvensvurderinga for arealet. Det er gjennomført eit grundig forarbeid med utgangspunkt i ei sjekkliste. I sjølv ROS-analysen er berre hendingar/situasjonar med reell fare nemnt, medan hendingar/situasjonar som ikkje har relevans ikkje vert kommentert. Forarbeidet ligg som grunnlag for denne vurderinga.

Føremålet med denne analysen er å avdekke moglege risikotilhøve som kan oppstå innanfor område som vert tilrådd omdisponert. ROS-analysen vurderer tiltaket sin risiko i høve til plassering (risiko frå ytre tilhøve) og tiltaket sin risiko for omkringliggjande areal (risiko for omkringliggjande areal). På bakgrunn av

mellanom anna ROS-analysen er nye areal justert, samt at det er lagt føringar/krav i føresagnene for å redusere avdekt risiko.

Føresetnadar for vurderingane:

- Naust og småbåtanlegg skal ikkje ha varig person opphold. I Tek10 tryggleiksklasse F1 og S1.
- Småbåthamn. I Tek10 tryggleiksklasse F1 og S2.
- Bustadområde har varig opphold, rekna 3 personar eit hushald. I Tek10 tryggleiksklasse F2 og S2.
- Næringsområde har ikkje varig opphold, rekna opp til 10 personar i arbeid. I Tek10 tryggleiksklasse F2 og S2.
- Offentlege institusjonar. I Tek10 F3 og S3.
- Vurdering av konsekvens er sett opp mot enkelt individ og enkelte bygg sin verdi.

Risikoen som ei hending representerer er definert gjennom sannsyn og konsekvens. I matrisa nedanfor vil dei ulike hendingane plasserast.

Tabell 2. Risikomatrisa har tre soner; grøn, gul og raud. Matrisa er inndelt i 4 matriser for kvart tema (liv og helse, miljø, økonomi og samfunnsviktige funksjonar). Sannsyn og konsekvens er inndelt i 5x5 og inndelinga med koding finn ein igjen i tabell 3 og 4.

		HELSE OG LIV					MILJØ					ØKONOMI					SAMFUNN				
Sannsyn	1																				
	2																				
	3																				
	4																				
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	3	3	4	5
Konsekvens																					

Som akseptkriterium har ein lagt til grunn:

Uakseptabel risiko	Tiltak skal settast i verk for å redusera risikoen. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det skal gjennomførast ytterlegare undersøkingar/utgreiingar for å belysa risikoen (ROS-analyse).
Middels risiko	Risiko bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko. Gjennomføring av tiltak skal vurderast i høve til kost - nytte. Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Kommunen kan, basert på tiltaket sitt innhald, utforming og lokalisering, i byggesak krevje ROS-analyse.
Akseptabel risiko	Det er krav om ROS-analyse for alle detaljplanar. Det bør i kvar enkelt byggesak vurderast om det må gjennomførast forebyggjande tiltak.

Tabell 3. Inndeling av sannsyn

	Sannsyn	Frekvens
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200. år
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000. år
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000. år
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år

Tabell 4. Inndeling av konsekvens

	Konsekvens	Liv og helse (L)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller små personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. Fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding.
2	Ein viss fare	Inntil 5 alvorlege person-skadar eller mange små personskadar. Fråvær som krev sjukemelding.
3	Alvorleg/farleg	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall
4	Kritisk	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil ti dødsfall
5	Katastrofal	Fleire enn 25 alvorleg skadde personar eller fleire enn ti dødsfall
	Konsekvens	Materielle verdiar/økonomi (Ø)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 1 mill. kr.
2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 1- 10. mill. kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, mellom 10 mill. - 90 mill. kr
4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 90 mill. - 300 mill. kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 300 mill. kr
	Konsekvens	Ytre miljø (luft, vatn og grunn) (M)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbetra av naturen sjølv etter kort tid
2	Ein viss fare	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	Alvorleg/farleg	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	Kritisk	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	Katastrofal	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
	Konsekvens	Samfunnviktige funksjonar (S)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Ikkje trong for reservesystem
2	Ein viss fare	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reservesystem/alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi.
3	Alvorleg/farleg	Driftsstans inntil 1 veke.
4	Kritisk	Systemet vert sett ut av drift i fleire veker og månader.
5	Katastrofal	Hovud- og avhengige system vert sett permanent ut av drift.

ROS-analyse for endring detaljreguleringsplan for 80/1 m.fl. SKÅR KAI.

Naturbasert sårbarheit			
Uønska hending	Potensiell risiko for:		Merknad
	Liv og Helse	Miljø og materielle verdiar	
Ekstremvêr			
Sterk vind	4.2	4.2	Området ligg ope, men ikkje særleg eksponert. Vurdering av kaiplassering er gjort ut frå problem med vind.
Store nedbørsmengder	4.1	4.1	Vert ikkje vurdert som risiko for området.
Store snømengder	5.1	5.1	Vert ikkje vurdert som risiko for Reksteren på Tysnes.
Anna			
Flaumfare			

Flaum i elvar/ bekkar	5.1	5.1	Der er ingen elvar eller synlege bekkar innanfor området. Bekk i grensa mot nordvest skapar ikkje problem.
Flaum i vassdrag/ innsjøar	5.1	5.1	Ikkje aktuelt
Overvasshandtering	5.1	5.1	I felles drenssystem.
Springflo/ stormflo	4.2	42	Oppmålingsavdelinga Kvinnherad kommune har gjort eit godt arbeid med registrering av springflo. Historisk flomnivå 1991 er målt til kote 1,48. Normal springflo er målt til kote 1,35. Faremeldingar om issmelting og stigande havnivå er det i det siste blitt nedgradert. Det er viktig for bruk av gjestebrygga at nærkonakt til sjø er god. Me vel difor: Gjestebrygge kote 1,25 Naust kote 1,75 Hovedkai kote 2,50
Historisk flomnivå		Målt 1,48	Målt kote 1,48 Målt 1991
Anna			

Skredfare www.skrednett.no

Kvikkleirskred	5.1	5.1	Stort sett fjell i dagen mot sjøen.
Lausmasseskred	5.1	5.1	Ikkje aktuelt emne.
Is – og snøskred	5.1	5.1	Fareområde frå NVE skredatlas er ikkje lagt inn. Snøskred på Reksteren er svært lite sannsynleg.
Steinras, steinsprang	5.1	5.1	For fleire tiltaksområde er bakterrengot bratt. Me legg inn omsynssone for steinsprang, og legg til at bygging i desse områda krev vurdering.
Anna			

Byggegrunn

Setningar	5.1	5.1	Mykje fjell i dagen med normal byggegrunn.
Utglidingar	5.1	5.1	Ikkje sannsynleg
Radon	5.1	5.1	Radon vert ikkje sett på som eit problem i området.
Anna/Forureining	5.1	5.1	

Plante- og dyreliv www.dirnat.no

Planter	5.1	5.1	Ingen rødlisteartar eller andre trua artar er registrert i området
Dyr	5.1	5.1	Ingen rødlisteartar eller andre trua artar er registrert i området

Fuglar	5.1	5.1	Ingen rødlisteartar eller andre trua artar er registrert i området. Der er registrert svartkvit fluesnapper.
Anna			
Andre uønska hendingar			
Skog- og vegetasjonsbrann	4.2	4.2	Må takast omsyn til
Jordskjelv			

Verksemdbasert sårbarheit			
Uønska hending	Potensiell risiko for:		Merknad
	Liv og Helse	Miljø og materielle verdiar	
Brann/ eksplosjon			
Brannfare	5.1	5.1	Ikkje spesielt emne
Ekspljosjonsfare	5.1	5.1	Ikkje aktuell konflikt.
Anna			
Energitransport			
Høgspent	5.2	5.2	Det går ei linje fram til området
Lågspent	5.2	5.2	Ikkje aktuell konflikt
Gass	5.1	5.1	Ikkje aktuell konflikt
Anna			
Forureina vatn			
Drikkevasskjelde	5.2	5.2	Heile området er tilknytt borehòl
Badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande	5.2	5.2	Området gjev gode muligheter for bading i sjø. Området ligg ope til sjøen med god gjennomstrøyming.
Forureining – grunn www.sft.no			
Kjemikalieutslepp	5.2	5.2	
Anna			Det er ikkje grunn til å tru at grunnen er forureina.
Forureining – luft			
Støv/ partiklar/ røyk	5.2	5.2	
Støy	4.2	4.2	Der er ingen faste støykjelder i området
Anna			
Friluftsliv og tilgjenge til sjø www.hordaland.no			
Fri ferdsel langs sjø	5.1	5.1	Open tilgang til sjø.
Friluftsliv	5.1	5.1	Avsett område i planen er ope for alle.
Anna			

Sårbarheit knytt til infrastruktur			
Uønska hending	Potensiell risiko for:	Merknad	

	Liv og Helse	Miljø og materielle verdiar	
Trafikkfare inne i planområde			
Forhold for mjuke trafikantar	5.2	5.2	Felles, kommunal veg inn til området
Forhold for køyrande	5.2	5.2	Fram til eigne parkeringsplassar
Forureining www.sft.no			
Støv/ partiklar	5.2	5.2	
Støy	5.2	5.2	Der er ingen faste støykjelder i området.
Lukt	5.2	5.2	
Utslepp/ kjemikalier	5.2	5.2	
Anna			
Trafikkfare på nærliggjande vegar/ transportåre utanfor planområde www.vegvesen.no			
Veg	3.3	3.3	Trafikk på Fv 83
Sjø	5.2	5.2	Trafikk på sjøen er privat turtrafikk og næringstrafikk. Denne er ikkje sett på som noko problem.
Luft	5.1	5.1	
Anna			

5.16 Privatsrettslege bindingar

Felles, privat veg og felles avløpsanlegg gjev felles kostnader og felles aktivitetsbehov.

6 Utgreiingar ihht. forskrift om konsekvensutgreiingar

Etter § 10 Kriterier for vurdering av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentleg virkning for miljø eller samfunn, er sentral i vurdering av om planen eller deler av planen treng konsekvensutgreiast. Vesentleg virkning er sentralt begrep.

Til denne planen vert det vist til kriterier i Vedlegg II. Det einaste punktet i Vedlegg II som kan ha relevans til oss er 12b lystbåthamn.

Naustområdet ligg i Område 3. Her er det i Kommuneplanen gitt muligheter for småbåtanlegg i sjøen. Konklusjonen til forslagstillar er at dette området er for verhardt og for djupt. Tiltakshavar ynskjer difor å leggja småbåtanlegg sør mot ein liten holme, og etablere fylling ut frå Område 5. Dette gjev eit behov for gangveg frå basekai og sørover til småbåtanlegget. Fjellet går her stort sett loddrett i sjøen. Ein gangveg på 1,5 m breidde vil her kunna festast til fjellveggen.

Område 4 er i kommuneplanen LNF-område. Forslagstillar sitt behov for basekai for havfiskebåt og lokalisering i forhold til vind og god hamn, gjer at planforslaget legg opp til ein 30 m kai og ca 50 m veg i LNF-område fram til kaien. Denne vegen skal byggjast utan fylling i sjø, og utan å øydeleggja vegetasjon mellom vegen og sjøen.

Bortsett frå den 30 m lange kaien og ein gangveg sørover, vil den funksjonelle strandsona og nærm- og fjernverknaden av åsen ikkje bli berørt. I Naturbase, Artsdatabanken og Askeladden, finn me ikkje registreringar som treng oppmerksamhet. I saksmaterialet til tidlegare sak om dispensasjon, er det frå Fylkeskommunen, kultur- og idrettavdelinga og frå Bergen Sjøfartsmuseum, ikkje gjort registreringar som treng oppmerksamheit.

Forslagstillar vil ta den gamle sagbruksbygningen i bruk som lager og depot for basekaien. Dette løyser behovet for bygningar på kaien.

Slik me ser har 12b lystbåthamn ein heilt annan dimensjon enn det vesle småbåtanlegget i planen. Me finn ikkje at planen eller tiltak i Område 4 har vesentleg verknad for miljø og samfunn.

7 Omtale av planforslaget




Figur 6. Området, dronefoto

7.1 Innleiing

Det umiddelbare initiativet til planen er:

Forslagstillar eig og driv ein havfiskebåt med lengde 77 m. Det er svært ynskjeleg å kunna ha base for denne båten i Tysnes kommune ved eigen eideom på Reksteren. Det er vurdert 3 forskjellige plasseringar for base kai.

Sjå kart figur 2.



Figur 2 kart over planområdet.



Figur 7 Område 1 – 5

Plassering 1 lengst nord, ligg til ope havstykke, og kan ikkje brukast.

Plassering 2. Dette naustområdet er eit unikt område for utvikling av ein sosial arena med naust, båtplassar, servicebygg og småskala næring, og stort kaianlegg for eigarar og andre brukarar av området.

Plassering 3 ligg med god hamn og er klart mest egneleg.

I planarbeidet er det teke omsyn til at mest mulig av ikkje rørd strandlinje skal forblitt urørt, og behalda naturinntrykket.

7.2 Reguleringsføremål

- Kaiar:

- Basekai for havfiskebåt
- Kai for næringsområdet i nord
- SKÅR KAI med tilslutningar
- Kai primært for brønnbåt til område 5

- Næringsområde 1, 2, 3 og 5.
- LNF-Område 4.
- Naustområde på Område 3.
- Friområde privat mellom Område 1 og 2, og strandlinja for Område 2.
- Ferdselsområde i sjø.
- Naturområde i sjø.
- Flytande småbåtanlegg med landdel.

7.3 Byggeformål

- Eksisterande produksjonsbygg på Område 1.
- Fritidsbustad med naust mellom Område 1 og 2.
- Nye mulige næringsbygg på Område 2.
- 2 eksisterande naust på Område 3.
- 3-4 nye naust på Område 3.
- Eksisterande lagerbygg på Område 3.
- Nytt administrasjonsbygg på Område 3.
- Mulige næringsbygg på Område 3.
- Basekai på Område 4.
- Eksisterande næringsbygg på Område 5.
- Mulige nye næringsbygg på Område 5.

7.4 Leik/ uteophaldsareal

Planen omhandlar i hovudsak næring. I Nordvika og langs sjøen på Område 2 er det sett av privat friområde, ope for allmenta.

7.5 Parkering

Alle områda må tilretteleggja nødvendig parkering på eigen eigedom. For Område 3 er det vist parkeringsplassar for naust, basekai m.m. Langs kommunal veg er det vist parkeringsplassar for gjester til området.

7.6 Trafikkareal

Tilkomstvegen ned frå fylkesvegen er kommunal, og er regulert med 6 m reguleringsbreidde. Vegar ned til SKÅR KAI til basekai er regulert til 5 m breidde. Det same er regulert veg inne på Område 5.

Vegkrysset mellom fylkesveg Fv 83 og kommunalveg ned til Skår kai, har over tid blitt utvida noko for å gje muligheter til trailertrafikk. Krysset tilfredstiller ikkje formelle krav etter Håndbok N 100. Krysset lar seg ikkje byggja om utan store kostnader. Me vel å regulera krysset slik det er utvida (2018).

Ny veg frå privat veg fram bak naustområde på Område 3 og fram til basekai, er regulert i 5 m breidde. Vegen skal byggjast skånsamt i terrenget utan fylling i sjø, og utan at naturområde mellom sjø og veg vert skada.

7.7 Støytiltak

Der er i dag ingen faste støykjelder som treng oppmerksamhet. Eventuelle nye bedrifter med verksemd som gjev støy, må i bygesak visa tiltak for støyreduksjon.

7.8 Avfallshandtering

Bedrifter må inngå eigen avtale. Hytter har hytterenovasjon med konteinrarar utsett på faste plasser. Slamavskiljar må registrerast hos SIM. Bedrifter må gjera eigen avtale med renovatør.

7.9 Risiko og sårbarheit.

Sjå 5.15.

Multiconsult har utarbeidd ei skredfarevurdering som er lagt til grunn vidare i planmaterialet. Rapporten konkluderer med at det ikkje er behov for tiltak ovafor gangveg og kai SK3.

SAMANDRAG

«Dette notatet gjelder skredfare i reguleringsområdet skår kai og næringsområde, gnr./bnr. 80/1 mfl. I Tysnes kommune. Våre undersøkelser og tilhørende vurderinger viser at deler av det aktuelle området er utsatt for steinsprang, se faresonekart i vedlegg 1B. Vurderingen er gjort iht. Plan- og bygningsloven med tilhørende forskrift, TEK 17.

Det presiseres at vurderingen er basert på dagens terreng- og skogsforhold.

Våre undersøkelser og tilhørende vurderinger av naturlig terreng viser at deler av tomten potensielt kan være utsatt for steinsprang med en sannsynlighet større enn 1/100. Det er avdekket løsneområder for stein og bergblokker i fjellskråningen lengst nord på tomten (Nordavika). For nybygg eller konstruksjoner i dette området (inngår i sikkerhetsklasse S2) vil det iht. TEK 17 være krav om å gjøre sikringstiltak.

Avbøtende tiltak vil hovedsakelig være i form av aktiv bolte- og nettsikring i utstabile bergpartier i skråningen. Firma med bergteknisk kompetanse (geolog) skal prosjektere sikringstiltakene. Sikringstiltakene skal utføres av bergkyndig fjellsikringsentreprenør. Dette punktet faller derimot bort dersom det ikke skal etableres nybygg i dette området. Faresonekart i vedlegg B vil være førende for om og hvor det må gjøre sikringstiltak.

Det er også avdekket noe steinsprangfare lenger sør på tomten (i området hvor ny kai og veg skal etableres). Men vi anser sannsynlighet for skred i dette området til å være lavere enn kravene satt i TEK 17. Det vil derfor ikke være nødvendig med avbøtende tiltak i dette området.»

7.10 Kaiar og småbåtanlegg.

KAIAR

Kai Område 4:

Hovudgrunnen til at denne reguleringsplanen fremja no, er behovet for basekai for havfiskebåt. Denne kaien er planlagt som tradisjonell betongkai på betongpålar uten synleg sprenging av fjell og utan sprenging over kainivå. Ca 30-40 m sør for kaien kan det plasserast ein støttepåle/ dykdalb - forankra til fjellet utan sprenging.

Kai Område 1:

Heile området har ordna steinfylling til sjø. For heile strandlinja kan det vera mulig å etablera kai.

Kai Område 3:

Eksisterande SKÅR KAI er ny 2014. Kaien er i god stand. Kommunen ynskjer at kaien har ein open bruk med muligheter for alle til å få frakta varer og personar til og frå.

SMÅBÅTANLEGG

I kommuneplanen er det vist muligheter for småbåtanlegg i Område 3. Forslagstillar meiner at området i sjøen er for djupt og for værhhardt. Han ynskjer småbåtanlegg med utgangspunkt i eksisterande sti (fylling i sjø) og fram til lite skjær (holme) lenger sør.

For å ivareta kommunikasjonen mellom naust i Område 3 og småbåtanlegget, ynskjer forslagstillar å kunna festa ein 1,5 m gangveg på det loddrette fjellet frå basekai og sørover til eksisterande gangveg fylling.

Område 5 er for grunt for tilkomst med egneleg båt for smolthenting. I dag ligg brønnbåt inntil eksisterande flytebrygge. Flytebrygga kan takast bort, men det trengst ei lita, fast brygge for at brønnbåt kan leggja til og ta inn slange for fylling av smolt.



Figur 8 Dronefoto 011.2



Figur 9 Dronefoto 043

8 Konsekvensar av planforslaget

8.1 Overordna planar og vedtak

I KOMMUNEPLANEN ER:

- Område 1: Næringsområde er planert og i bruk.
- Område 2: Næringsområde som ikkje er teke i bruk. I denne reguleringsplanen blir grøne verdiar tekne vare på ved at strandlinja og skogkledd terreng bakom - i ca 10-15 m breidde - vert urørt.
- Område 3: Næringsområdet blir ivaretake som eit småskalaområde med naust, lagerbygg, eksisterande SKÅR KAI og administrasjonsbygg.
- Område 4: Er i kommuneplanen LNF. Store deler av området forblir LNF.
Unntak er:
- Skjerma køyreveg fram til basekai, lengde ca 60 m.
- Basekai, lengde ca 30 m.
- Dykdalb (båtfeste)
- Gangsti, delvis festa på fjellet frå basekai og sør til eksisterande fylling i sjø.
- Område 5: Næringsområde, sjødelen planert og i bruk med ordna røysfylling mot sjø.

8.2 Eksisterande reguleringsplanar

Det er ingen reguleringsplanar eller påbegynte planar innanfor området.

8.3 Estetikk



Figur 10 Dronefoto 0006

Mykje av området endrar ikkje uttrykk etter denne reguleringa.

- Område 1: Med kai langs ordna steinfylling mot sjøen, vil området sjå ryddigare ut.
- Område 2: Når me beheld urørd strandlinje og skogkledd belte bak, vil området mot sjøen behalda naturinntrykk.
- Område 3: Vil behalda eit småskala uttrykk med ein fin, sosial arena for småskala aktivitetar og naust.
- Område 4: Vil behalda sitt hovudinntrykk. Det som vil visa av endringar, er 30 m basekai, dykdalb og forankra gangsti frå basekai og sør til eksisterande fylling langs sjøen. For veg fram til basekai frå nord må det sprengjast litt. Utanom dette skal det ikkje sprengjast noko som viser frå sjøen. Tidlegare annonserert veg frå kommunal veg og ned gjennom Område 4 og ned til Område 5, er teken ut av planane. Ei vegløysing her vil gje svært store terrengeinngrep.
- Område 5: Delen mot sjøen er i bruk, og endrar ikkje uttrykk.

8.4 Konsekvensar for naboor

Det bur ingen naboor innanfor området eller i umiddelbar nærheit til området. På Område 3 ligg det 1 naust som andre eig. Nausttomten på Område 4 er fjerna. Planen vil gje lettare tilkomst til naustet ved at ny veg går rett forbi. Skår kai skal kunna brukast av alle mot avtale og godtgjersle.

8.5 Trafikk- og parkeringsforhold



Figur 11 Dronefoto utsnitt 0017

Inn i området går communal veg ved kryss til FV 83. Kryssløysinga vert behalden slik ho er (2018). Kvart område tar vare på parkering for eige område. For gjester til friområdet er det sett av parkering ved kommunevegen.

8.6 Kulturminne

Sjå 5.9.

Frå Fylkeskommunen, kultur- og idrettsavdelinga, er det i skriv 10.12.2015 ikkje registrert kulturminne, verken av Fylkeskommunen eller Bergen Sjøfartsmuseum for Område 4.

Fylkeskommunen viser til at bygningsmassen ved Skår kai ligg innanfor omsynssone bevaring. 3 nye naust og eit administrasjonsbygg i bakken bak kaien, må kunna tilpassast. Det gamle forretningsbygget som stod ved sida av kaien, er reve. Fylkeskommunen har gjennomført registreringar. Området er godkjent «friskmeldt».

8.7 Friluftsaktivitet, naturområde, born og unges interesser

Heile planområdet er industri eller anna næring, og har ikkje fokus på bummiljø. Strandområde for Område 2 vil gje fine muligheter for friluftsaktivitetar som bading, fisking m.m. Tilkomst på mellom Område 1 og 2 fram forbi Skår kai.

8.8 Risiko og sårbarheit

Sjå 5.15.

Nye bedrifter med nye utfordringar må løysast innforbi gjeldande lovverk.

8.9 Infrastruktur

Kommunal veg med akseptabel standard ned til området. For nye aktivitetar må vatn og avløp organiserast etter behov, m.a. eigne avløp til sjø med slamavskiljar.

8.10 Konsekvensar for næringsinteresser

Auka muligheter for etablering på Reksteren.

8.11 Juridiske/ økonomiske konsekvensar for kommunen

Området er privat eigd. Kommunen sitt bidrag er å oppretthalda og vedlikehalda communal veg ned i området.

9 Merknadar

9.1 Merknadar etter oppstart

9.1.1 Fylkesmannen

«Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen ser det som sagt positivt på at området er utvida og at det dermed kan bli gjort ei meir heilskapleg vurdering av trongen for kai, samstundes som verdiane knytt til strandsone og landskapet òg vert vurderte og sikra.

Vi saknar ei vurdering av om planen vil krevje eit planprogram/ KU, men er elles samd med Tysnes kommune i at planen må fange opp at tilkomst for ålmenta skal sikrast, saman med grønstruktur i 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl. § 1-8.

Elles ber vi om at planen tek opp i seg alle relevante tilhøve knytt til forureining (støy, støv, lukt mv) i anleggs- og driftfasen, at risiko og sårbarheitstilhøve vert analysert og vurdert samt at naturmangfaldlova sine rettsprinsipp (jf. naturmangfaldlova §§ 7 og 8-12) vert lagt til grunn.»

Forslagsstillar/ plankonsulent:

Fylkesmannen sine kommentarar er forsøkt innarbeidd i planomtale og føresegner. KU-vurdering er vurdert under punkt 6. Utgreiingar i.h.h.t forskrift om Konsekvensutgreiing. Det er forsøkt å gje tilbake grøne område i byte for det som vert teke i bruk til basekai m.m.

9.1.2 Fylkeskommunen

Brev av 22.11.2018 om krav om arkeologisk registrering.

Brev av 29.11.2018 med vurdering og innspel til oppstartmelding.

Oppsummering:

Hordaland Fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap, kulturminne og kulturmiljø, samferdsel og strandsone.

Forslagsstillar/ plankonsulent:

Behovet for konsekvensutgreiing er vurdert under punkt 6 i planomtale i relasjon til § 10 i forskrift om KU.

9.1.3 Statens vegvesen

Eksisterande avkjørsle frå Fv 83 må opparbeidast ihht gjeldande vegenorm med 4 x 100 meter frisikt.

Forslagsstillar/ plankonsulent:

Vegkrysset er utvida for å gje plass til trailer ned til fiskeanlegget. Ei ytterlegare utviding for å få krysset tilfredsstillande til Håndbok N100, er ikkje gjennomførbart utan store kostnadar. Me vel å regulera inn krysset slik det er i dag (2018).

9.1.4 NVE

Generelt med henvisning til rettleiar og verktøy.

Forslagsstillar/ plankonsulent:

Informasjon i aktsomhetskartet er nytta. Snøskred på Reksteren i Tysnes er svært lite sannsynleg.

9.1.5 Fiskeridirektoratet

«Vår uttale

Vi har kome med merknader til oppstart av dette planområdet før, seinast 27.02.2018. Planområdet ser ut til å vere utvida i ettertid til å inkludere settefiskanlegget til Sjøtroll Havbruk AS. Sjøtroll Havbruk AS har eit landbasert akvakulturanlegg der dei driv produksjon av settefisk av laks og aure lenger inne i Skårvågen. Det er etablert ein utliggjar/flytebrygge i sjøområdet mellom settefiskanlegget og området ein søker om for etablering av kai for fiskebåt. Utliggjar/flytebrygge vert nytta i samband med besøk av brønnbåt til settefiskanlegg.

Det er registrert ein kaste- og låssettingsplass i Skårvågen, og dette området er også sett av til fiske, kaste- og låssetting i kommunens arealplan. I våre kartdata er kaste- og låssettingsplassen opplyst å vere ein god låssettingsplass som har vore nytta til låssetting av makrell, sild og sei. Vi har ikkje nyare data knytt til bruk av låssettingsplassen. I tillegg er det registrert fiskeområde for passive og aktive reiskap. Det er viktig at det lokale fiskarlaget vert hørt i saka for å kartlegge og unngå brukskonflikt, men vi viser også til kopi av uttale frå Fiskarlaget Vest 27.03.2018 om oppstart av reguleringsplan i same område. Her kjem det fram at reguleringsplanen ikkje må vere til hinder for fortsatt bruk av dei registrerte fiskeområda, og fortøyningar til småbåthamn må avkortast mest mogleg, og ein må kunne feste steng i pir og bryggjeanlegg ved behov. Det vert også vist til Havressurslova § 27 i høve ferdsle (20 m) og fiske (100 m) ved steng.

Desse innspela må planleggar ta med seg vidare i arbeidet med reguleringsplanen. Vi meiner det burde ha kome tydlegare fram at planområdet i sjø kjem i konflikt med arealføremålet *fiske, kaste- og låssetting* i kommuneplanen. Vi kan ikkje sjå at dette er nemnt i det heile i søknaden. Vi saknar også informasjon om konsekvensar for drifta til Sjøtroll Havbruk AS om kaia vert plassert like ved flytebrygga som dei nyttar i samband med besøk av brønnbåt til anlegget. I søknaden vert det antyda at dette området (område 5) kan bli frigjort til ny næring.

Fiskeridirektoratet region Vest krev at lokale fiskarar vert høyrt om bruken av låssettingsplassen, og at Sjøtroll Havbruk vert høyrt om konsekvensar for drifta av settefiskanlegget. Vi føreset at våre innspel vert teke med vidare i arbeidet med reguleringsplanen.

Vi ber om å få planen på høyring når den er klar for offentleg ettersyn.»

Forslagsstillar/ plankonsulent:

Me har hatt kontakt med Sjøtroll Havbruk AS. Me er einige om at flytebrygga kan takast bort og erstattast med liten kai for landfeste for brønnbåt. Dette er nødvendig fordi området inne ved anlegget er for grunt. Etter oppmoding i tilbakemelding frå Fiskarlaget Vest har vi redusert planomfangen i sjø så mykje som mulig.

9.1.6 Fiskarlaget Vest

«Skår

Ein konstaterer at reguleringsområdet i denne oppstartmeldinga er utvida monaleg kontra oppstartmeldinga i februar 2018, jf. vedlagde kart.

Føremålet med detaljreguleringa er «Næringsområde, naust og kai/base for havfiskebåt»

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at der registrert kaste- og låssettingsplass i/ved reguleringsområdet, samt område for aktiv- og passiv reiskap. Det er òg registrert eit lite gytefelt nordvest om reguleringsområdet. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Fiskarlaget Vest meiner i utgangspunktet at reguleringsgrensa bør gå i strandsona, forutan der ein har planlagt eksakte tiltak som t.d. kai, småbåtanlegg. Ein har forståing for at plangrensa blir sett litt ut i sjø, om det er for å unngå uregulerte «hull» mellom fleire reguleringsplanar. Ein er ikkje kjent med at det er tilfelle her.

Om reguleringsplangrensa blir sett som omsøkt må arealet i sjø regulerast slik at det fortsatt blir lagt til rette for fiske/lagring av fisk i området i høve kaste-/låssettingsplassen, og i område for/i tilknyting til område for aktiv- og passiv reiskap.

Ein viser til følgjande forslag e.l. til føresegne når det gjeld kaste-/låssettingsområdet:

«Kaste- og låssettingsplass

Det er registrert kaste- og låssettingsplass i/ved reguleringsområdet. I dette området kan det drivast fiskeriverksemnd, inklusiv fiske med lys. Ein kan festa lås i kai og liknande. Ein må unngå lyssetting i sjø.

Det er forbod å hauste nærmere enn 100 meter og å ferdast nærmere enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde til land eller oppankra på anna vis, jf. § 27 i Havressurslova.

Fisk i steng er sårbar for sprengingsarbeid og eigar av eventuelle fisk i steng skal kontaktast ved sprengingsarbeid.»

Når det gjeld området for kai for havfiskebåt visar ein til vår uttale, i tillegg til dei generelle merknadane, av 27.03.18, sålydande:

« I høve sakspapira omfattar planområdet «ny kai med tilkomst frå Skoravegen, sambindingsveg langs stranda mellom dei to næringsområda i kommuneplanen. Kommunen har dispensert frå kommuneplanen og gjeve løyve til kaibygging (PS 9/16 og PS 117/16), men Fylkesmannen har omgjort dispensasjonsvedtaka, og krev planendring.»

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert område for passiv reiskap (sei, lyr, krabbe), aktiv reiskap (sei, makrell) og kaste- og låssettingslass i/ved reguleringsområdet.

Ein vil gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort, felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav . Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Fiskarlaget Vest vil vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den er NGI-rapport «*Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge*» (TA-2751/2010), som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda.

CIENS-rapport: 2-2011 Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus» gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Minner om at det ofte er dyrt å fjerne «gamle forureiningssynder», så det er derfor viktig å ha fokus på førebygging.

Ein er òg avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Fiskarlaget Vest går ikkje imot reguleringsplanarbeidet under føresetnad av at den ikkje kjem til hinder for fortsatt bruk av dei registrerte fiskeområda i området.

Fortøyningar til småbåthamna må avkortast mest mogeleg, og det må leggjast til rette for festing av steng i piren og bryggearanlegget om det skulle vere naudsynt. Ein viser til § 27 i Havressurslova i høve ferdsel (20 m) og fiske (100 m) ved steng. Ein må unngå mest mogeleg lys på sjø.

Som sagt ovanfor forutset ein at forureining frå området blir avgrensa mest mogeleg.

Ein vil igjen til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

*Forslagsstillar/ Plankonsulent:
Sjå kommentar under 9.1.5 Fiskeridirektoratet.*

9.1.7 Telefonkontakt med Sjøtroll Bekkjarvik, Nils Arve Eidsheim

Dei har til no lagt inntil flytebryggja med brønnbåt, fått slange om bord og tatt inn smolt. Til erstatning for flytebryggja treng dei ein kaipir for landfeste.

9.1.8 Toralf Enes

Detaljregulering Skår kai, Reksteren

Gnr 80, Bnr 1

«Viser til lysing i Bladet Tysnes 25.10.18

Eg vil gjerne få kome med ein kommentar vedkomande det eg vil kalle «kulturstaden Skår» eller «Skåro» på folkemunne.

Denne sida av utviklinga på Skår har kome lite fram, i alle høve i media. Men eg ser at eg ikkje vil klare det innan fristen, det tek mellom anna tid å finne fram relevant materiale.

Eg håpar eg kan be om utsetjing til over helga. Eg er oppvaksen på Nord – Reksteren då staden var eit senter på mange måtar, og innleget mitt vil truleg vere på vegne av svært mange. Eg har i seinare år drive ein del med lokalhistorie. Det vil vere klart i laupet av helga.

I mellomtida kan eg vise til Gards- og Ættesoga for Tysnes, Band 2 s.610 – 622.»

Forslagsstillar/ plankonsulent:

Me har ikkje fått meir enn dette.

9.2 Merknadar etter utlegging

9.2.1 Fylkesmannen

Samordna uttale med motsegn frå NVE

Sjå 9.2.3 NVE

Fylkesmannen si vurdering.

Fylkesmannen er positiv til at det no er gjort ei heilskapleg vurdering av næringsområdet, for å få etablert ei ny kai for havfiskebåt. Fylkesmannen meiner at verdiane knytt til strandsona er godt vurdert for sikring av desse verdiane. Samstundes er vi opptekne av at det vert tatt landskapsomsyn innanfor reguleringsområdet, spesielt det regulerte næringsområdet BN i sone 2. både av omsyn til landskapsverknader og for å betre ta vare på strandsoneverdane, ber vi om at næringsarealet og byggjegrensa vert trekt lengre tilbake frå sjøen enn vist i planen.

Forslagstillar/ plankonsulent:

Me tar med oss Fylkesmannen sine råd for BN2, og trekker formålsgrense og byggegrense 10 lengre frå sjøen.

9.2.2 Fylkeskommunen

Mellombels fråsegn av 01.03.2019 med krav om arkeologisk registrering og budsjett.

Fråsegn av 20.03.2019

Uttalen har fleire planfaglege merknader med konklusjon:

«Hordaland fylkeskommune er positive til at det vert lagt til rette med kai for lokal havfiskebåt.

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld planprosessen, KU, utforming av føresegnene og avgrensing av næringsarealet i område 2. Vi ber om at desse merknadane vert teke omsyn til i prosessen vidare og tilrår at det vert arbeidd meir med planen før kommunen gjer vedtak.

Planen kan ikkje godkjennast før dei varsle arkeologiske registreringane er gjennomført og fylkeskommunen har gitt fråsegn om kulturminne utan motsegn.»

Forslagstillar/ plankonsulent:

Planprosessen har vore vanleg open. Bortsett frå nokre naust og båtplassar, er der ingen interesser i området frå naboor og andre. I samråd med kommunen er den gamle Skår kai sikra til offentleg og felles bruk.

Det er berre veg til ny kai SK3 og kaien, samt gangveg vidare sørover til næringsområde BN6 som ikkje er i samsvar med kommuneplanen og treng KU oppmerksomheit. Dette meiner me er ivareteke.

Akvakultur:

Brønnbåt som hentar yngel, ligg i dag inntil ei lita flytebrygge. Ynsket er ein liten kai til formålet. Kaien er opplista i føresegnene. Skånsam bygging av veg SV4 utan skade på grøntområde mot sjøen er retta opp i føresegnene. Grøntbelte mot sjøen utanfor BN2 er auka med 10 m.

9.2.3 NVE motsegn

Forslagstillar/ plankonsulent:

Multiconsult har utarbeidd ei skredfarevurdering som er innarbeidd i plankart, planomtale og føresegner. Rapporten følgjer dette planmaterialet.

9.2.4 Fiskarlaget Vest

Fiskarlaget er opptekne av å sikra dei små yrkesfiskarane sine rettar. Dei ynskjer slik tekst inn i føresegnene:

«Kaste- og låssettingsplass

Det er registrert kaste- og låssettingsplass ved reguleringsområdet. I dette området, og området i nærleiken kan det bli drive fiskeriverksemd, inklusiv fiske med lys. Det må ikkje vere ankringsforbod i området. Ein må kunne feste lås i kai og liknande ein må unngå lyssetting på sjø.

Det er forbode å hauste nærmere enn 100 meter og å ferdast nærmere enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde til land eller oppankra på anna vis, jf. § 27 i Havressurslova.»

Forslagstillar/ plankonsulent:

Dette er teke inn i føresegnene.

9.2.5 Statens Vegvesen

Statens vegvesen har følgjande merknader til reguleringsplanen:

«Tilknyting til fylkesvegnett

I vår uttale oppstartmeldinga 29.10.18, ba vi om at avkøyrsla frå fv. 83 må opparbeidast ihht gjeldande vegenormalar; *Utbetring av avkøyrsla før tiltak i medhald av plan kan takast i bruk må setjast som rekkefølgjekrav i føresegner. Me ber om at siktlinjer og radius til hjørneavrunding i avkøyrsla vert påført plankartet.*

I reguleringsplanforslaget er avkøyrsle innteikna slik den er opparbeida i dag og ikkje etter gjeldande vegenormalar. Avkøyrsla er endra og har fått utvida bruk (utan løyve frå Statens vegvesen,) dette for å gje framkome for trailer, den er opparbeida slik at det er svært dårleg sikt mot høgre for sjåfør på større køyretøy som skal ut på fylkesvegen. Planen legg opp til ytterlegare trafikkauke. Siktlinjer og radius må innteiknast i plankartet etter gjeldande vegenormal og det må setjast rekkefølgjekrav om utbetring av avkøyrsle før nyetableringar/ nybygg i næringsområda og etablering av småbåtanlegg.

*Forslagstillar/ plankonsulent:
Dette er innarbeidd.*

9.2.6 Kystverket

Minner om generelle krav til aktsemd og melding av arbeid i sjø. I dette området er Tysnes kommune havnemynde.

*Forslagstillar/ plankonsulent:
Me har tidlegare fått irettesettelse om at krav heimla i lov ikkje skal inn i føreseggnene.*

9.2.7 Fylkeskommunen – arkeologisk registrering

«Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne id 26876 i medhald av kulturminnelova § 8 fjerde ledd i samband med detaljregulering Skår kai – Reksteren – gnr. 80 bnr 1 – Tysnes kommune.

Hordaland fylkeskommune viser til offentleg høyring av forslag til detaljreguleringsplan av for Skår kai, Tysnes kommune 07.02.2019. Vi viser til fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i brev av 20.03.2019 og til vårt varsel om arkeologisk registrering datert 22.11.2018, knytt til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova, samt korrespondanse i saka mi samband med undersøkinga og utvida høyring til registreringane vert ferdigstilt. Dette brevet gjeld handsaming av planen i høve til automatisk freda kulturminne og undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vedtak:

I medhald av kulturminnelova § 8 fjerde ledd gjev Hordaland fylkeskommune løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne.

*Forslagstillar/ plankonsulent:
Me tar dette til etterretning. Me innarbeider ikkje noko planmateriale.*

10 Forslagsstillars avsluttande kommentar

Denne planen gjev ei god oversikt over bruk og utnytting av eit samla, samanhengande område. Oppstartinitiativet til planen, er ynskje om basekai for havgåande fiskebåt. Ved å vurdera 3 forskjellig alternativ for kaiplassering, er viste løysing valt.

Me starta med ynskje om at alle næringsområda skulle ha tilkomst frå same avkøyring frå fylkesvegen. Dette har me seinare lagt bort, fordi ein slik veg ville gje svært store terrengeinngrep.

I kommuneplanen er småbåtanlegg plassert i Område 3. Her er det djupt og vêrhardt. Slik me har plassert småbåtanlegget lengre sør og inntil ein lite holme, er det mindre vêrhardt og enklare fortøyning av anlegget.

Behovet for kommunikasjon mellom næringsområda og kommunikasjon mellom naustområde, parkeringsplass og småbåtanlegg, er løyst med 1,5 m gangveg, prefabrikkert og festa til fjellveggen utan terrenge-bearbeiding og sprenging.

Strandlinja til LNF-område Område 4 er forsiktig teke i bruk. Dette blir «vege opp» med naturområde langs sjølinja på Område 2, som i kommuneplanen er næringsområde.

*Eikelandsosen, 30.08.2019
Harald Bjørndal*